



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	29.09.2016
Tid:	16:30 – 21:15

Medlemer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Rakel Anett Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

Forfall:

Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Varamedlemer som møtte:

Jan Arve Drabløs	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Knut Tandberg	Sigurd Voldsund Nygard	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Anja Pedersen	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Leiar avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Leiar personal- og organisasjonsavd. Jan V. D. Hjelmeseth

Tilstades 29 medlemer og 4 varamedlemer, tilsaman 33 representantar, fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Ole Brubakk og Rakel Gjelseth

Reidun Myrvågnes fekk permisjon frå kl. 18:30, under handsaming av K-sak 145/16.
Olaug Andreassen fekk permisjon frå kl. 19:00, under handsaming av K-sak 146/16.

Det vart drøfta/orientert om:

- Kjell Runde: Neste møte i kommunestyret på nye Leikanger skule.
- Ordførarens kvarter.

underskrifter

Ole Brubakk

Arnulf Goksøyr
ordførar

Rakel Gjelseth

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 137/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 138/16	Protokoll frå førre møte.
PS 139/16	Delegerte saker
PS 140/16	Referatsaker
PS 141/16	Kostra- analyse. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.
PS 142/16	Kommunekompasset.
PS 143/16	Kommunebarometeret 2016.
PS 144/16	Organisasjonsendring.
PS 145/16	Avtale mellom kommunen og fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter - Reforhandling
PS 146/16	Revidert eigarstrategi for Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS
PS 147/16	Revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
PS 148/16	Detaljreguleringsplan for gnr.34/379 m.fl. i Fosnavåg - tilrettelegging for etablering av deponi
PS 149/16	Veg- og parkeringsområde Leikanger skule - behov for ekstra løyving
PS 150/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
PS 151/16	Prosjekt 61604 - Herøy ressurssenter - byggeprogram
PS 152/16	Gnr. 60 bnr. 262 - skade på eigedom - ny handsaming
PS 153/16	Prosjekt 51151 - Myrdeponi Mjølstadneset industriområde - økonomisk avslutning
PS 154/16	Prosjekt 51119 - Rassikring Vikane bustadfelt - økonomisk avslutning
PS 155/16	Prosjekt 51003 og 51011 - Parkeringsareal bak rådhuset - Økonomisk avslutning
PS 156/16	Tilbygg Herøy helse- og omsorgssenter - Økonomisk avslutning.
PS 157/16	Vedtak av lokal handlingsplan for RDA-midlar

Delegerte saker frå avdelingane

DS 222/16	Søknad om skjenkebevilling til eit bestemt arrangement - (lukka arrangement)
DS 223/16	Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - 22/27 - IG oppføring Hall og vaktbud
DS 224/16	Håvard Pettersen - 42/3 seksjon nr 5 - Isolering av naust
DS 225/16	Mellombels bruksløyve - 4/269
DS 226/16	Mellombels bruksløyve - 45/154
DS 227/16	Trond Aasen 38/112 - Rehabilitering av skorstein
DS 228/16	Sameiget Marken Marina - gnr 26 bnr 3, 216 og 217 - Naustrekke med flytebrygge
DS 229/16	Peder Leine - 13/26 - Tilbygg
DS 230/16	Baleva Kristina Ruseva og Magne Berge 37/100, 37/161- Løyve til oppføring av garasje
DS 231/16	Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - IG Kvitebuda
DS 232/16	Ferdigattest - fritidsbustad 44/124
DS 233/16	Ferdigattest garasje - 16/76
DS 234/16	Ferdigattest tilbygg/altan - 37/385
DS 235/16	Aleksander Leine - 26/111 - garasje + støttemur
DS 236/16	Urholmen Invest as - 33/45 - Riving
DS 237/16	Skjenkebevilling - Moltustranda Idrettslag - søknad om skjenking for eit bestemt arrangement
DS 238/16	Ferdigattest gnr 81, bnr12
DS 239/16	Svanhild og Arvid Kvalsund 26/230 - Ferdigattest
DS 240/16	Mellombels bruksløyve - seksjon nr 6 og 7 - boligblokk 31/4
DS 241/16	Per Christian Siem - 87/6 - lgangsettingsløyve
DS 242/16	Mellombels bruksløyve - 37/201 garasje m/leilegheit
DS 243/16	Ferdigattest fritidsbustad - 11/13
DS 244/16	Herøy kommune - 38/147 - Lagerhall
DS 245/16	Gnr 8 bnr 1 - Frådeling av nausttomt
DS 246/16	Herøy kommune - 37/426 - IG innreiing og tekniske fag
DS 247/16	Odd Morten Berge - 29/87 - Tilkomstveg
DS 248/16	Søknad om skjenkebevilling 09.09.2016 til eit bestemt arrangement - (lukka arrangement)
DS 249/16	Myrvåg Helsesenter as - 45/116 - Tilbygg
DS 250/16	Ferdigattest bod - 27/99

DS 251/16	Ferdigattest 4/310
DS 252/16	Ferdigattest vinterhage/utestove 79/4
DS 253/16	Søknad om å ta skjenkeløyve med til Herøy gard- Thon hotel Fosnavåg
DS 254/16	Sunnmørshus as - 46/86 - Tomannsbustad med carportar

PS 137/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 138/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp):

Framlegg som blir trekt i ei sak, må kome fram i protokollen.

PS 139/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 140/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 141/16 KOSTRA- ANALYSE. SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret ber om at prioriteringssignala vert innarbeidde i framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

PS 142/16 KOMMUNEKOMPASSET.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret meiner at kommunen bør ta sikte på å kunne kalle seg ein effektiv, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon. Resultatet av evalueringa viser at vi ikkje er der i dag. Evalueringa etter Kommunekompasset er nyttig utgangspunkt for eit utviklingsarbeid som må starte snarast råd.

Kommunestyret ynskjer i første omgang å starte med fokusområda:

- Offentlegheit og demokrati
- Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Resultatfokus og effektivitet

PS 143/16 KOMMUNEBAROMETERET 2016.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret tek prioriteringssignala til vitande.

PS 144/16 ORGANISASJONSENDRING.

Møtebehandling:

Olaug Andreassen (Ap) reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er hovudverneombod og medlem av styringsgruppa. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, pkt. 3b.

Runar Stave (Ap) kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret ber rådmann vurdere eigedomsselskap AS, KF eller som i dag, og framlegge dette med begrunnelse for val til kommunestyret.»

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt tilleggsframlegg:

«Kommunestyret ber om at permanent rådmann kjem på plass før ein går vidare i prosessen.»

Det vart halde gruppemøte.

Per Kristian Furø (Ap) trekte sitt framlegg.
Runar Stave trekte sitt framlegg.

Runar Stave (Ap) kom med slikt tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding:

«Kommunestyret bed om at eit kommunalt eigedomsselskap vert komiteutgreia.»

Kaja Runde (Folk/Sp) kom med slikt tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding:

«Kommunalsjefane vil tilsetjast etter etter ekstern utlysing.»

Punktvis røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Runar Stave (Ap) sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

Kaja Runde (Folk/Sp) sitt framlegg fall mot 5 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret har ikkje merknad til endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen.

Kommunestyret bed om at eit kommunalt eigedomsselskap vert komiteutgreia.

PS 145/16 AVTALE MELLOM KOMMUNEN OG FASTLEGANE VED HERØY OG MYRVÅG LEGESENTER - REFORHANDLING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret ber om at det vert inngått avtale med fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter i samsvar med dei prinsippa og føringane som går fram av saksframstillinga.

Ordføraren får fullmakt til å inngå avtale med den einskilde lege.

PS 146/16 REVIDERT EIGARSTRATEGI FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend habil.

Margaret Leinebø reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil KL. §40, Fvl §6 e.

Edel Kvalsund Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Edel Kvalsund Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil KL. §40, Fvl §6 e.

Solveig Båtsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Solveig Båtsvik vart samrøystes kjend habil.

Per Kristian Furø reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Per Kristian Furø vart samrøystes kjend habil.

Kjell Runde reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Kjell Runde vart samrøystes kjend habil.

Gerd Kopperstad reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Gerd Kopperstad vart samrøystes kjend habil.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret vedtek revidert eigarstrategi for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS slik den ligg føre i vedlegg 1.

PS 147/16 REVIDERT SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend habil.

Margaret Leinebø reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margaret Leinebø vart samrøystes kjend inhabil KL. §40, Fvl §6 e.

Edel Kvalsund Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Edel Kvalsund Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil KL. §40, Fvl §6 e.

Solveig Båtsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Solveig Båtsvik vart samrøystes kjend habil.

Per Kristian Furø reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Per Kristian Furø vart samrøystes kjend habil.

Kjell Runde reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Kjell Runde vart samrøystes kjend habil.

Gerd Kopperstad reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho varamedlem i repr.skapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Gerd Kopperstad vart samrøystes kjend habil.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret vedtek revidert selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS slik den ligg føre i vedlegg 1, med dei justeringar som er spesifisert på vedlegget side 1.

PS 148/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR.34/379 M.FL. I FOSNAVÅG - TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV DEPONI

Møtebehandling:

Linn Therese Hansen Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med eigar av Sævik Invest AS. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.
Linn Therese Hansen Sævik vart samrøystes kjend inhabil KL. §40, Fvl §6 b.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Herøy kommunestyre stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, forslag til planprogram – Detaljreguleringsplan for gnr.34, bnr.379 mfl. I Fosnavåg, Herøy kommune. (Tilrettelegging for etablering av massedeponi).

PS 149/16 VEG- OG PARKERINGSOMRÅDE LEIKANGER SKULE - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 3 000 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 2 330 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

PS 150/16 PROSJEKT 61603 - NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Kaja Runde reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er lærar på Bergsøy skule. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Kaja Runde vart samrøystes kjend habil.

Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret ber rådmannen om å søkje prosjekt ny barneskule på Bergsøy innarbeidd i budsjett og økonomiplanen for 2017-2020.»

Solveig Båtsvik (Frp) kom med slikt tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding :

- «3. Kommunestyret ber administrasjonen og plan- og byggenemnda se til andre kommuner som har bygget skolebygg med tilsvarende kapasitet til en kostnad godt under kalkyle for dette prosjektet.
4. Som pkt. 3 i formannskapet si tilråding.»

Det vart halde gruppemøte.

Solveig Båtsvik trekte sitt framlegg.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy la fram slikt fellesframlegg frå H/Frp/V/Krf/Ap:

«Kommunestyret ber rådmannen om å søkje prosjekt ny barneskule på Bergsøy innarbeidd i budsjett og økonomiplanen for 2017-2020.»

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret ber rådmannen om å søkje prosjekt ny barneskule på Bergsøy innarbeidd i budsjett og økonomiplanen for 2017-2020.

PS 151/16 PROSJEKT 61604 - HERØY RESSURSSENTER - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Bjarne Kvalsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er tilsett på Herøy Produksjon.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.
Bjarne Kvalsvik vart samrøystes kjend habil.

Kaja Runde (Folk/Sp) kom med slikt framlegg:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy ressurscenter, utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å planlegge prosjektet slik at det ikkje vil vere til hinder for planlegginga av framtidig helse og omsorgssenter.
3. Kommunestyre ber rådmannen om å innarbeide prosjektet i budsjett for 2017-2020. Det er viktig at det vert synleggjort moglegheita for ei trinnvis utbygging av framtidig Helse og Omsorgstun.
4. Plan og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte forutsatt naudsynt finansiering.

Camilla Storøy kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret ber rådmannen om å søkje prosjektet innarbeidd i budsjett og økonomiplanen for 2017-2020.»

Det vart halde gruppemøte.

Kaja Runde (Folk/Sp) trekte sitt framlegg.
Camilla Storøy trekte sitt framlegg.

Svein Gjølseth (Ap) la fram eit fellesframlegg frå Krf/H/Ap/Frp/V/Folk/SP:

«Kommunestyret løyver kr. 500.000,- til planlegging av Herøy ressurscenter og framtidens omsorgstun. Finansierast ved låneopptak.

Kommunestyret ber rådmannen om å søkje prosjektet innarbeidd i budsjett og økonomiplanen for 2017-2020.»

Fellesframlegget vart vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret løyver kr. 500.000,- til planlegging av Herøy ressurscenter og framtidens omsorgstun. Finansierast ved låneopptak.

Kommunestyret ber om at det vert innarbeidd kr 500.000,- til planlegging av framtidens omsorgstun og Herøy ressurscenter.

PS 152/16 GNR. 60 BNR. 262 - SKADE PÅ EIGEDOM - NY HANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

1. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning med utgangspunkt i takst i desember 2012 på kr.

526.250 kroner + justering til sist kjende kroneverdi(etter SSB's berekning på bakgrunn av konsumprisindeksen) på utbetalingstidspunktet.

2. Herøy kommunestyre løyver inntil 600 000 kroner til gjennomføring av avtalen med grunneigar.
3. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
4. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 underteiknar framforhandla vedlagt utkast til «Avtale mellom Herøy kommune og grunneier Aud Karen Torleifsdotter Pettersen vedrørende erstatning for vannskade på gnr. 60 bnr. 262».
5. Ordførar får fullmakt til å underteikne avtale med grunneigar på vegne av Herøy kommune.

PS 153/16 PROSJEKT 51151 - MYRDEPONI MJØLSTADNESET INDUSTRIOMRÅDE - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent.
2. Meirforbruket på 1 251 kroner vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

PS 154/16 PROSJEKT 51119 - RASSIKRING VIKANE BUSTADFELT - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

3. Prosjektrekneskapen vert godkjent.
4. Unytta prosjektmidlar på 1 633 342 kroner vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

PS 155/16 PROSJEKT 51003 OG 51011 - PARKERINGSAREAL BAK RÅDHUSET - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

5. Prosjektrekneskapen vert godkjent.
6. Meirforbruket på 19 171 kroner vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

PS 156/16 TILBYGG HERØY HELSE- OG OMSORGSSENTER - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalt forbruk på 23.831.126 kroner.
2. Meirforbruket på 2.231.126 kroner vert finansiert ved låneopptak.

PS 157/16 VEDTAK AV LOKAL HANDLINGSPLAN FOR RDA-MIDLAR

Møtebehandling:

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016

Kommunestyret vedtek lokal handlingsplan for RDA-midlar slik den ligg føre.

MØTET SLUTT KL. 21:15